



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2603
3702 Skien

Kontakt
Sentralbord +47 35 58 61 10
Direkte +47 953 00 640
fmtepost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Peter C. A. Köller

Vår ref. 2015/71 - 432.2

Dato 03.11.2015

Protokoll 02.11.15

Sakene: 2015/26 – 2015/34
Møtestad: Kommunehuset i Hjartdal, Sauland
Dato: 02.11.15

Følgjande medlemmer deltok:

Solveig Sundbø Abrahamsen
Bjørn Skinnarland
SvenTore Løkslid

Følgjande varamedlemmer deltok:

Følgjande medlemmer/varamedlemmer hadde meldt fråfall:

Gunhild Lurås
Edvard Mæland
Steinar Bergsland

Følgjande frå administrasjonen deltok:

Peter C. A. Köller, ref.

Solveig Sundbø Abrahamsen
Leier

Godkjenning av møteprotokoll:



S 2015/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden
Innkalling og dagsorden blei samrøystes godkjend.

S 2015/27 Underskriving av protokoll
Protokoll frå møtet 23.06.15 blei underskriven.

S 2015/28 Søknad om bygging av hytte på gnr. 100 bnr. 20 ved Småttjønn i Seljord, Roald Kleivi – klagesak.

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde kan ikkje sjå at klagen til Roald Kleivi inneheld moment som kan gje grunnlag for å gjere om på vedtaket i verneområdestyret 23.06.15.

Vedtaket vert ståande og saka sendt Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde kan ikkje sjå at klagen til Roald Kleivi inneheld moment som kan gje grunnlag for å gjere om på vedtaket i verneområdestyret 23.06.15.

Vedtaket vert ståande og saka sendt Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

S 2015/29 Søknad om bygging av båthus på gnr. 25 bnr. 1 Reinstul i Hjartdal, Åsmund Øverbø.

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev ikkje Åsmund Øverbø løyve til å byggje båthus ved Beruttjønn som søkt i søknaden dagsett 08.05.2015. Avslaget er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 1.1 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det kan klagast på avgjerda til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev ikkje Åsmund Øverbø løyve til å byggje båthus ved Beruttjønn som søkt i søknaden dagsett 08.05.2015. Avslaget er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 1.1 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.



Det kan klagast på avgjerda til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

S 2015/30 Søknad om tilbygg på hytte på gnr. 21 bnr. 33 Lauvhaug i Hjartdal, Agnar Andersen.

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev ikkje Agnar Andersen løyve til byggjearbeid på hytte på Lauvhaug, gnr. 21 bnr.33 i Hjartdal slik det er søkt jf. søknaden 31.05.2015.

Avslaget er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 1.1 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Handsaming i verneområdestyret:

Verneområdestyret drøfta saka nøye. Styret er positiv til drifta som går føre seg på Lauvhaug og er samstundes i utgangspunktet positiv til ei utviding av eksisterande hytte for å i møtekomme eigarens behov for innkvartering. Både i samband med næringsutøving og rekreasjon.

Likevel er det slik at forvaltningsplanen har definera ei grense for storleik på bygningar, også for reine driftsbygg. Det er vidare slik at det er gjeve føringar for utsjånad, både gjennom materialval og farge. Verneområdestyret har moglegheit for å gje dispensasjon både frå storleik og utsjånad, og det finnst nokre døme på at det er gjort. Det forvaltningsmyndigheita alltid må vere budd på er presedensverknaden av ein dispensasjon. I denne saka oppfattar styret det som sannsynleg at det vil kunne komme søknader om liknande ombyggingar frå andre grunneigarar i området, noko som igjen vil kunne virke negativt med omsyn til samla belastning og verneføremål.

Med tanke på Andersen sin søknad, er det tre moment styret meiner søkjaren bør vurdere nærmare. Det er hyttas storleik, hyttas høgde og dei store glasflatene på den eine gavlveggen. Med dette som utgangspunkt fremma styret følgjande fellesframlegg til vedtak:

Verneområdestyret er prinsipielt positiv til søknaden frå Agnar Andersen og ønskjer ein ny søknad velkommen, der storleik og utsjånad blir tatt omsyn til j.fr forvaltningsplanen/verneforskrifta.

Med bakgrunn i søknaden 31.05.15 gjev ikkje verneområdestyret Agnar Andersen løyve til byggjearbeid på hytte på Lauvhaug, gnr. 21 bnr.33 i Hjartdal slik det er søkt.

Avslaget er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 1.1 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Styret imøtekjem ein revidert søknad.



Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret er prinsipielt positiv til søknaden frå Agnar Andersen og ønskjer ein ny søknad velkommen, der storleik og utsjånad blir tatt omsyn til j.fr forvaltningsplanen/verneforskrifta.

Med bakgrunn i søknaden 31.05.15 gjev ikkje verneområdestyret Agnar Andersen løyve til byggjearbeid på hytte på Lauvhaug, gnr. 21 bnr.33 i Hjartdal slik det er søkt.

Avslaget er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 1.1 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Styret imøtekjem ein revidert søknad.

S 2015/31 Søknad om tilbygg på hytte på gnr. 100 bnr. 24 ved Småtjønn i Seljord, Sigrun Dyrland Eidal og Gudmund Dyrland.

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Sigrun Dyrland Eidal og Gudmund Dyrland løyve til riving av gammalt, og oppføring av nytt, inngangsparti på hytte ved Småtjønn, gnr. 100 bnr. 24 i Seljord. Det gjevast også løyve til andre bygningsmessige endringar som det er søkt om, jf. søknaden dagsett 30.07.2015.

Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Restane etter riving og byggjearbeid må fraktas ut av området så skånsamt som mogleg og handsamast etter gjeldande reglar for avfall.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner ferdig hytte frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at bygget står ferdig.
- Det skal takast omsyn til materialbruk og fargeval i samsvar med forvaltningsplanen pkt. 7.4.
- Transport og byggeaktivitet skal stanses dersom det observerast villrein i området.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Handsaming etter plan- og bygningslova vil skje i Seljord kommune.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.



Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev Sigrun Dyrland Eidal og Gudmund Dyrland løyve til riving av gammalt, og oppføring av nytt, inngangsparti på hytte ved Småtjønn, gnr. 100 bnr. 24 i Seljord. Det gjevast også løyve til andre bygningsmessige endringar som det er søkt om, jf. søknaden dagsett 30.07.2015.

Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Restane etter riving og byggjearbeid må fraktas ut av området så skånsamt som mogleg og handsamast etter gjeldande reglar for avfall.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner ferdig hytte frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at bygget står ferdig.
- Det skal takast omsyn til materialbruk og fargeval i samsvar med forvaltningsplanen pkt. 7.4.
- Transport og byggeaktivitet skal stanses dersom det observerast villrein i området.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Handsaming etter plan- og bygningslova vil skje i Seljord kommune.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

**S 2015/32 Søknad om midlertidig oppføring av målestasjon for islast på
Hardingnuten/Månelia i Tinn, Statnett.**

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Statnett løyve til å montere målestasjon for registrering av islast på kraftliner i samsvar med søknad og dokumentasjon. Løyve er gjeve med heimel i NML § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Stasjonen skal demonterast og fjernast innan 01.11.18.
- Observerast villrein i området, skal flyginga i samband med montering og demontering stanses.
- Verneområdeforvaltar eller SNO skal varslas om flyginga seinast 2 dagar før det skjer.
- Søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre løyve. Denne dispensasjonen er berre gjeve etter verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det kan klages til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.



Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev Statnett løyve til å montere målestasjon for registrering av islast på kraftliner i samsvar med søknad og dokumentasjon. Løyve er gjevne med heimel i NML § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Stasjonen skal demonterast og fjernast innan 01.11.18.
- Observerast villrein i området, skal flyginga i samband med montering og demontering stanses.
- Verneområdeforvaltar eller SNO skal varslas om flyginga seinast 2 dagar før det skjer.
- Søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre løyve. Denne dispensasjonen er berre gjevne etter verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det kan klages til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

S 2015/33 Søknad om bygging av traktorveg kl. 7 på gnr. 110 bnr. 2 og 5 ved Myklestul i Hjordal, Roar M. Fjeld og Mathias Kleppen.

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev ikkje Roar M. Fjeld og Mathias Kleppen løyve til å byggje traktorveg kl. 7 i Gausdalen som søkt. Avslaget er gjevne med heimel i verneforskrifta kapittel IV punkt. 1.

Det kan klages til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev ikkje Roar M. Fjeld og Mathias Kleppen løyve til å byggje traktorveg kl. 7 i Gausdalen som søkt. Avslaget er gjevne med heimel i verneforskrifta kapittel IV punkt. 1.

Det kan klages til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

S 2015/34 Søknad om å sette opp badestamp på gnr. 82 bnr. 8 Smørbrekk i Seljord, Morten Olav Dyrud.

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev ikkje Morten Olav Dyrud løyve til å setja opp badestamp på Smørbrekk som søkt i søknaden dagsett 07.10.2015. Avslaget er gjevne med heimel i kap. IV, pkt. 1.1 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det kan klagast på avgjerda til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev ikkje Morten Olav Dyrud løyve til å setja opp badestamp på Smørbrekk som søkt i søknaden dagsett 07.10.2015. Avslaget er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 1.1 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det kan klagast på avgjerda til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.